

## **Sofaruta**

Standplassane og utsikta er det som gjer ruta flott. Klatring 120 -130 m, grad 4+. To ulike startpunkt er mulige,

- Starten frå venstre er lettast. To punkt grad 4 før du kjem opp i "søkket"
- Starten til høgre går opp frå ei tydeleg hylle med sikt mot fjorden. Fast og fin klatring, kanskje grad 5- på eit par opptak før du kjem opp mot "søkket".
- Frå "søkket" skrått opp mot høgre, og du ser over kanten på ei stor hylle med ein sofa. Friendsprekke bak sofaen. Standplass.
- Neste taulengd startar skrått 3 m ned retning Hjørundfjorden. Så rett opp ein 4+ passasje. Vidare lett terreng, grad 3 i fronten av fjellet til fortoppen. (Vanskeleg å kommunisere ned til sofaen frå fortoppen).
- Siste taulengde bort ei kort egg og opp eit breidt riss i toppveggen til høgste punkt på Mohns Topp.

Utstyr: Eit 50-meters tau er nok til at du når opp til sofaen i første taulengde. Eit vanleg kileknippe og nokre slynger, kanskje friend nr 1,5.

Retur: Nordegga grad 2, så ned Mohnsrenna (om du ikkje stikk bortom Bladet først?)

